

KYRKJEBLAD



B

FULLDISTRIBUSJON
RETURADRESSE:
Prosit design og
kommunikasjon as
Pb.122,6659 Rindal

Oktober 2010

«Frå ætt til ætt varer hans miskunn for dei som ottast han.» Salme 103,17 og Luk 1,50

Nr. 5 - 70. årgang

Alter for Herren

«Noah bygde eit alter for Herren,» står det i første Mosebok. Det er første gongen vi høyrer om alter i Bibelen. Men seinare bygde Abraham, Isak og Jakob alter for Herren og kalla dei «El-Elohe-Israel» - Israels Gud er Gud. Mange, mange har sidan bygd alter og ofra til Herren.

Treng vi alter vi som har ein øvsteprest som ikkje treng å bera fram offer kvar dag, slik det står i Hebrear brevet, «- for offeret bar han fram ein gong for alle da han ofra seg sjølv.»

Og kva skal vi med altertavler? Mange kyrkjesamfunn og bedehusfellesskap har fjerna altertavla. Kanskje eit Jesusbilete frå Kallas hand har erstatta det i vårt distrikt.

Men i alle kyrkjene våre har vi alter og altertavler, ofte flotte kunstverk, i alle fall i hovedkyrkjene, biletkunst som kom i staden for dei gamle alterskåpa. Dei illustrerer evangeliet og bibelforteljingane, Jesu død og oppstode og siger over den vonde på ein dramatisk og kunstnerisk måte. Så kan vi festa blikket vårt på desse, tenkja på noko anna enn det kvardagslege og konsentrera oss om det vesentlege i gudstenesta. Og frå alteret får vi ta imot det sonofferet som Jesus gav, ved brødet og vinen, og vi får gi vårt takkeoffer.

I år markerer Tingvoll kyrkje 350-års-jubileum for den gamle ærverdige altertavla i prostikyrkja. Dette kan ein lesa meir om i dette nummeret av Kyrkjebladet.



Altertavla i Tingvoll kyrkje

Over alteret i Tingvoll kyrkje står barokkaltertavla frå 1660. Den var ei gåve frå Hans Nielsen Tausen, som var prest i Tingvoll i 47 år, og erstatter det gamle alterskåpet som vart gitt til Løken kyrkje i Sunndal og dessverre øydelagt i eit snøskred. Den fine altertavla er utskoren av Ole Bildsnider og måla av den hollandske kunstnaren Seth Boggarth.

Tavla er delt i heile fem nivå og viser nattverden, korsfestinga, oppstoda og øverst den triumferande Kristus. I tillegg til hovudbileta har tavla omlag 30 utskorne figurar.

Altertavla vart teken ned i 1878, men sett opp att i 1929 i samband med restaureringa av kyrkja i 1928-29, da interiøret fekk sin noverande form.



ØRE

Øre - Gjemnes

Kyrjekontoret 71 29 39 00
 Telefaks 71 29 38 28
 E-post sokneprest: petter.dahle@
 gjemnes.kommune.no
 Biletet: Øre kyrkje

Hausttakkefest

Hausttakkefest har vi feira både i Øre, Gjemnes og Osmarka. Mykje av markens grøde vart bore fram i kyrkjene. Samtidig med hausttakkefest var 4-åringane invitert til kyrkje for å få si kyrkjebok. Dei aller fleste møtte opp i kyrkja, og mange hadde med seg både foreldre, besteforeldre og familie elles. I begge kyrkjene var også konfirmantane med på gudstenesta og vart presentert for kyrkjelyden.



Litt av markens grøde som var sett fram på Osmarka. Foto PD



4-åringane har fått bok under hausttakkefesten i Gjemnes. Foto: Kåre Storvik



4-åringane i trappa – bokutdeling i Øre kyrkje
 Foto PD



(t.v.)«Gjemnes 2010» Konfirmantpresentasjon i Gjemnes kirke. Ungdomsarbeidar Åse saman med konfirmantane. Menighetsrådsformann Roger står klar med roser til utdeling.

Foto: Gunnar Sødal

Konfirmantjubilantar

På bildet ser vi konfirmantjubilantane. I Øre var det konfirmantane frå 1960 som var invitert, og på bildet ser vi dei som takka ja til invitasjonen. På Gjemnes var både 50 og 60-årskonfirmantane invitert. Begge stader var det godt frammøte. Etter gudstenesta var det samlingar med middag, kaffi og kaker og mykje god prat.



50-årskonfirmantar i Øre kyrkje 15.august i år (t.v.):

1.rekkje frå venstre: Marie Grendahl Arntzen, Åse Johanne Holten Halkjelsvik, Mali Grete Neergaard Aksnes, Hanna Marie Torvik Lybech, Liv Randi Dyrli Heilevang, Sigdis Helene Heggem Charbellet.

2.rekkje f.v.: Audhild Oddrun Romuld Torvik, Marit Harstad Frøislihagen, Kristin Hammerstrøm Engen, Arthur Heggem, Myrtle Nilsen Strøm, Arne Midtbø, Åshild Sira Botten, Solrun Sletnes Larsen, Eli Anbjørg Ohren, Petter Dahle.

3.rekkje f.v.: Bjørn Ingvar Branem, Einar Berner Silset, Johan Sigmund Heggem, Odd Steinar Bjerkeset, Arne Henry Torvik, Erling Berner Silset, Amund Nilsen Sæter, Edvard Ingebrigt Bjerkeset, Øyvind Gjøen og Jon Hals.

Foto: PD



Konfirmant-jubilantar i Gjemnes kirke 12.september (over):

Fra venstre: 60-årsjubilantane Olaus Grønset og Anna Blakstad. 50-årskonfirmantane: Nelly Pålhaugen Stokke, Kaspar Grønseth, Bjørg Anny Rødahl Hanssen, Kristian Målø, Anne Lise Mork og Målfrid Rønnaug Høgset Svenning.

Foto Ole Mikal Svendsen



TINGVOLL

Tingvoll - Straumsnes

Menighetskontoret 71 53 01 23
Telefaks 71 53 12 40
E-post: post@kirken.tingvoll.no
Biletet: Straumsnes kyrkje

Stor korhelg i Tingvoll 25.-26. september

Siste helga på september hadde Tingvoll kyrkje kor felles korseminar med Molde domkantori, som var gjester i Tingvoll.

I samband med seminaret gav dei to kora søndag ettermiddag ein innhaldsrik og variert konsert i Straumsnes kyrkje med gamle og nye songar, frå Bach, Haydn og F. Mendelssohn-Bartholdy, via Edvard Grieg og Maurice Durufle til Knut Nystedt, Henning Sommerro og Svein Møller.

Ingunn Karijord skreiv i Aura avis om samsongen mellom dei to kora: «- med over 30 korsangere ble det et flott og velklingende kor! Spesielt flott var det da korene framførte de norske og svenske sangene. På grunn av særdeles tydelig uttale fikk man også med seg innholdet i tekstene. - Ikke for

å forringe Molde domkantori sin innsats, men det ga en ekstra vellyd og energi når koret ble forsterket med tingvollgjeldinger.»

Tor Strand og Dirk Hauenschild delte på organist- og dirigentjobben. «Hauenschild viste seg å ikke bare være en habil dirigent og organist, men også en dyktig solist da han sammen med korene



Samklang: Tingvoll kirkekor og Molde domkantori optrådte sammen under ledelse av Tor Strand og Dirk Hauenschild. Foto: Ingunn Karijord, Aura Avis

framførte 'I himmelen' av Edvard Grieg.»
ERE

Konsert

Laurdag 23. okt kl 17.00 blir det stor konsert i Tingvoll kyrkje med Nidaros Domkor, dirigert av Vivianne Sydnes og med cellist Øystein Gimse. Billettpris kr. 100,-.

Haustfest i Straumsnes kyrkje.

Haustfest i Straumsnes kyrkje, Det var høgtid da inngangsdørene vart opna og ein stor flokk med 6-åringar kom berande inn med sine korgar fylte av det som kom frå haustens grøde. På eit bord framme i koroppgangen vart alt plassert saman med korgar og traug med brød og frukt. Alt bar bod om ein god haust. Vi fekk ei påminning om at Gud gjev rikeleg attende gjennom skaparverket. Barnegospelkoret song med ekte glede ut sin jubel over å vere ein del av Guds rike. Koret gjev soknet mykje velsigning og er ein stoltheit for sine foreldre, for det er flott å stå i kor. Enno større å få lov til å syngje solo. 6-åringane vart kalla fram i tur og orden og fekk si bok. Den heiter Tre i eit tre. Dei mest ivrige byrja å lesa med ein gong, og alle syner store smil over å få ei bok. Boka er spanande, og foreldra kjem til å lesa denne saman med ungane sine. Det er mykje kreativitet i soknet, og mykje spanande på gang gjennom heile året. Vi har fantastiske leiarar for dei ulike aktiv-

Salmekveld

I samband med jubileet for altertavla, blir det Salmekveld laurdag 27. nov saman med Bernt Bøe og kor. Da skal kyrkjelyd og kor synga salmar gjennom 350 år.

Allehelgensdag

er ein festdag i Tingvoll og Straumsnes kyrkjer der baa kora deltek.

itetane. Sume synes mykje, medan andre aktivitetar foregår meir i det skjulte. Vi er alle med i innhaustingsarbeidet, og vi veit at ein sår, ein annan vatnar og Gud gjev vekst. Dermed er vel resultatet gjeve.

Haustfesta heldt fram på kyrkjelydshuset med program som omfatta song av barnegospelkoret, Cathrine prest som fortalde om fargane i kyrkjeåret, og synte stolaer, messehaklar og antependium og forklarte dei ulike symbola. Dette var noko som fenga både små og store, og ein vil tru at kyrkja sine tekstilar og symbolikk vil få ein djupare mening. Soknerådet med alle sine medspelarar førte til at det vart ein vellukka fest. Basarbordet var rikhaldig og mange fekk mykje fint med seg heim. Som leiar av soknerådet er eg stolt, glad og takksam for alle dei som har stilt opp, som har vist glede gjennom heile prosessen, og eg merker at eg har ein kjærleik inni meg som omfattar alle som er med og bidrar til at våre fester vert vellukka og at ein kan sjå gleda hos dei

Temakvelder i Tingvoll

Soknerådet og Normisjon arr. i fellesskap temakvelder på Tingvoll Menighetshus.

10.nov. kl.19:30 Prost Gerd Anne Aarset, tema: "2.trosartikkel". Det serveres enkel kveldsmat.

27.okt. kl. 19:00 Skriftemåls-gudstjeneste v/Gerd Anne Aarset. Denne går også inn som en del av høstens temakvelder.

som kjem innom kyrkje og kyrkjelydshuset vårt. Takk til alle.

På basaren kom det inn kr. 21.002,00.

Camilla / Randi





SUNNDAL

Hov - Romfo - Øksendal - Ålvundeid

Menighetskontoret 71 69 23 00
 Telefaks 71 69 25 44
 Åpningstider: ma-fre 09.00-15.00
 E-post: ekspedisjon@sunndal-kirke.no
 Kirkeverge: Stig Rune Andreassen
 E-post: stig@sunndal-kirke.no
 Bildet: Middelaldarkrusifiks,
 Romfo kyrkje

Høsttakkefest

12. september var det stor stemning i Ålvundeidkirka. Det var høsttakkefest og kirka var pyntet med markens grøde. Men dette var på mange måter barnas dag. Det var barnedåp og det var utdeling av 4-årsbok. Kirka var full av folk i alle aldre.

Presten fikk hjelp av ungene under preika, og ungene erobret arenaen med den største selvfølgelighet. Det var rom for både alvor og gøy. Jo, dette ble en trivelig feiring av markens grøde i vid forstand.

Jan-Fredrik Laskerud



Foto: ERE

Arne Gjermund

Nesten alle i Sunndal vet hvem Arne Gjermund Arnesen er, og søndag 31. oktober gjøres det stas på ham i Romfo kirke. Han har da vært trofast medhjelper i kirka i 30 år og har i tillegg bursdag. Dalen mannskor blir med, og det blir kirkekaffe.

Ungdomsledere på leir

10. til 12. september dro en buss fylt med kremen av norsk ungdom til Bjorli! Det var menighetene i Tingvoll og Sunndal som hadde spurt sine fjorårskonfirmanter om de ville være ungdomsledere, - være med å lage leirer for det nye kullet med konfirmanter. Mange svarte ja på utfordringen, fra Sunndal var det over 30 av dem som konfirmerte seg før sommeren, som erklærte seg villige for oppdrag.

For å dyktiggjøre dem i dette oppdraget tok prestene Cathrine Grutle (Tingvoll/Straumsnes) og Jan-Fredrik Laskerud (Ålvundeid/Sunndal) med seg disse nær 50 kremungdommene til Bjorli og Bjorliheimen for å drive skoling og trening.

Det ble en gøy, men også slitsom helg. ...slik det ofte blir på leir.

På leiren var det undervisning og samtaler, om kristendom, tro og livets mysterier, men også mye praktiske øvelser i lederskap og lek.

Fru Grutle hadde med seg et strålende lag av ungdomsledere fra sin gamle jobb i Oslo, de gjorde en fenomenal jobb i samtaler og formidling.

Vi har brukt ungdomsledere i mange år, sier Laskerud, men dette med en egen lederleir er et viktig nybrottsarbeid. Dette er viktig for å gi ungdommene trygghet i lederrollen. Det er med ledelse, som så mange ting i livet, man må øve for å bli god. Ungdommen i dag er fenomenalt positiv og vil være til nytte. Utfordringen er om kirka greier å "gi de rette passningene".

Jeg håper at dette nybrottsarbeidet er starten på noe stort. Dette er en satsing som vi må akseptere at koster litt, men her vil menighetene få utrolig mye tilbake. Ungdommene vil alltid, ALLTID utgjøre framtiden.

Nå bærer det ut på konfirmantleirer i de ulike kommuner. Nå skal de praktisere sitt lederskap.

Vi gleder oss!!!

Tekst og foto: Jan-Fredrik Laskerud





Kommentaren

Pippi Langstrømpe-loven.

- Jau, det er nok best at alle likar meg!
Hvis ikkje alle likar meg ... å huff og huff.

Mange tenkjer slik – og lever slik. Dei stiller opp i alle samanhengar for alle, gjettar seg fram til kva anna folk har av krav og forventningar og lever aldeles på sida av sine egne premissar.

Kvifor eg veit det? Om ikkje for at eg har ein flik av dette syndromet sjølv. Nokon gonger er ubehaget ved å setja grenser og seia nei større enn om eg tek hensyn til det som med rette skulle vera mitt av fritid, helse, nattesøvn og andre behov det er naturleg for oss menneske å leva med.

Pippi Langstrømpe har ein klok måte å prate til seg sjølv på. Ho bur åleine, og dermed må ho sjølv vera den som passar på

at alt blir tilfredsstillande. Når ho skal leggja seg, er scena skildra så levande så det mesta er så me kan leva oss inn i det. Då seier ho til seg sjølv: Pippi, no må du gå og leggja deg. Men ikkje noko skjer. Så seier ho det ein gong til, litt tydelegare denne gongen. Og så endå ein gong med store, sinte bokstavar. Og så lyer ho så ho går og legg seg i sin vante posisjon med hovudet under dyna og føtene på puta.

Eg har mykje å lære av Pippi. Eg har mykje originalitet å lære av henne, - eg òg. Tenke seg til kor godt me kunne hatt det med oss sjølve og med kvarandre om me hadde vore sterke som Pippi?!

Ein sak er at det kunne vore interessant å bera hest og politi på strak arm, ei anna sak er dette å vera trygg på at me er bra nok, me

som Pippi. Ho er herleg uforskamma frigjort frå alt dette slitsame me kallar for konvensjonar og uskrivne reglar for pent antrekk og ditto oppførsel. Og kan ho, så kan vel me??!

Om naudsynt, kan me gjera det om me snakkar til oss sjølve med store, sinte bokstavar. Det kan vera me treng det, når me skal overraske oss sjølve med ein indre stemme som beordrar oss: Blås i om alle likar deg. Du har berre dette livet her på jorda. Det er livet ditt og ikkje andre sitt.

Og så kan me gjerne føye til fylgjande erkjennelse: Det er ikkje verdas undergang om ikkje alle folk likar deg. For eigentleg, så er det ikkje alle du har kjemi med, du heller. Og det skal du ikkje skamme deg over.

Lene Gåsvatn.

Kyrkjennytt

Ny redaktør og redaksjonssekretær

Kyrkjebladet for Indre Nordmøre prosti søker etter ny redaktør og redaksjonssekretær. Bladet er eit informasjons- og inspirasjonsfora for kyrkjelydane i Den norske kyrkja i heile Indre Nordmøre prosti. Ansvarleg styre er vald av sokneråda som eig kyrkjebladet. Dei vel felles representantar frå kvart prestegjeld. Redaksjonen består av redaktør og redaksjonssekretær som har månadleg honorar fastset av styret. Bladet kjem ut seks gonger i året, som papirpublikasjon og som nedlastbart nettblad. Det blir distribuert til alle husstandar, vel 9000 og til 2-300 abonnentar, og er finansiert ved frivillig kontingent, kyrkjeofringar og gåver.

Redaktøren og redaksjonssekretæren må vera medlemar av Den norske kyrkja, med god kunnskap om kyrkjeleg arbeid og ha interesse for saka. Saman må dei vera skrivere, nynorsk og bokmål, og ha datakunnskap nok til å kommunisere med kyrkjekontora og innsikt til å legge stoffet tilrette saman med Prosit Design og Kommunikasjon så som har sats og repro.

Vidare opplysningar kan ein få hos styreformann Elsa Jensvold, 99518162, hos prostsen, 71530123, eller hos Kyrkjebladets redaksjon.

Bønnebok for ungdom

KABBs bønnebok har gått språklig langt i å hjelpe ungdom til å be. De fleste bønnebøker er høytidelige og po-

etiske - greit nok, men de egner seg dårlig til å lære dagens ungdom å be. Vi laget vår egen bønnebok - direkte, upolert, men oppriktig, slik ungdom tenker, sier redaktør Bjørn Hanssen.

- Hvem har sagt at Gud bare hører på fromme bønner? Vi tror at Gud hører alle menneskers frustrasjoner - om de er oppriktig, sier redaktøren. Resultatet er Møtepunkt - en samtale med Gud.

50 skrevne bønner

Prosjektet kom i stand fordi det i praksis ikke eksisterte bønnebøker i punktskrift for ungdom. For aldersgruppen 13 - 18 år var det heller ikke mange trykte bøker å velge mellom. Nå foreligger en perm med i overkant 50 skrevne bønner. Disse er utgitt i to utgaver, en med stor skrift for svaksynete og en punktskriftutgave. Det er svært utradisjonelt å utgi en bok som ligner en skoleperm, men hensikten er å hjelpe folk i gang med å be. Boka er med andre ord ikke ferdig, forteller Hanssen. Hensikten er at leseren kan skrive ned sin egen bønn og sette den inn i permen etter som bønnene blir skrevet. Det blir de unge selv som gjør boka ferdig - i den grad boka noen gang blir helt ferdig, forteller Bjørn

Bønneboken er et tiltak som er gjennomført og finansiert med trosopplæringsmidler, et samarbeid mellom KABB og Den Norske Kirke.

Av Terje Kingsrød

*Syng en ny sang for Herren
Du er 'ke snau, Herre!
Det er så mange som rynker på nesa,
og holder seg for øra av musikken min.
Men ikke du!
Du legger inn en ny bestilling;
Syng en ny sang for Herren!
Snakk om invitasjon.
Komponere en ny sang om det jeg har på
hjertet,
så vil du lytte!
Ingen begrensninger
på hvordan låta skal høres ut,
men lar kreativiteten min få fritt utløp, for
deg!
Du som skapte oss,
skapte oss alle forskjellige.
Du er mega-kreativiteten
som ingen overgår.
Du er suveren!
Allikevel oppmuntrer du oss,
til å lete etter kreativiteten i oss.
Å bli påvirka av deg
gir meg en inspirasjon som jeg kan
hente glede og trygghet fra.
Du kjenner formen min, Herre,
allikevel legger du inn en ny bestilling!
For en oppdragsgiver!*

*Salme 96, vers 1.
Salme 150.*

Bjørn Hanssen

Neste nummer kjem
veke 49. Frist for
innsending av stoff er 16. november.



Gudstenelister

Lørdag 23. oktober

Tingvoll kyrkje kl 17:00 Konsert med Nidaros Domkor, dir Vivianne Sydnes, cello Øyvind Gimse.

Bots- og bededag, 31. oktober

Luk 13,23-30

Halsa kirke kl.11:00 Gudstjeneste med stasjonsvandring ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til menighetsarbeidet.

Rindal kirke kl.11:00 Bededagsgudstjeneste. Lene Gåsvatn. Takkoffer til Den norske kirke i utlandet.

Hov kirke kl. 11:00 Boye.
Romfo kyrkje (Sjå avisene!)

Straumsnes kyrkje kl 11:00 Bots og bededag. Prest Petter Dahle. Nattverd Offer: Tv-aksjonen Flykningehjelpen Gudstjeneste. L.E.Grutle. Takkoffer til Kirkens Bymisjon, Trondheim.

Øye kyrkje kl. 11:00 Konsert m/ Lone Eines og Oddveig Helset Halle Bededagsgudstjeneste. Prost Gerd Anne Aarset. Takkoffer til Norsk misjon i øst.

Allehelgensdag, 7. november

Matt 5,13-16

Valsøyfjord kirke kl.11:00 Minnegudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Valsøyfjord sanitetsforening. Kirkekaffe.

Halsa kirke kl.15:00 Minnegudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Halsa sanitetsforening. Kirkekaffe.

Rindal kirke kl.11:00 Allehelgensgudstjeneste. Lene Gåsvatn.

Rindal kirke kl. 19:30 Allehelgenskonsert

Ålvundeid kyrkje kl. 11:00 Laskerud. Nattverd. Takkoffer til Misjonsprosjektet i Aserbajdsjan. Storset. Sanggudstjeneste og "Kirkejam".

Hov kirke kl. 18:00 Boye.

Jordalsgrend grendahus kl. 20:00

Mo kyrkje kl. 11:00 Allehelgensgudstjeneste. L.E.Grutle.

Stangvik kyrkje kl. 11:00 Allehelgensgudstjeneste. Venås

Ranes kyrkje kl. 14:00 Allehelgensgudstjeneste L.E.Grutle. Takkoffer til diakoniarbeidet i kyrkjelyden.

Todalen kyrkje kl. 14:00 Allehelgensgudstjeneste. Venås.

Åsskard kyrkje kl. 19:30 Allehelgensgudstjeneste. Venås.

Tingvoll kyrkje kl.11:00 Allehelgensgudstjeneste Dåp Nattverd. Sokneprest Cathrine Grutle. Tingvoll kyrkjekor

Straumsnes kyrkje kl 16:00 Allehelgensgudstjeneste Dåp Nattverd. Sokneprest Cathrine Grutle. Straumsnes songlag. Offer egen menighet

Osmarka kapell kl.11:00 Høgmesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til Det norske Misjonsselskap. Kyrkjekaffi.

Øre kyrkje kl. 19:00 Kveldsgudstjeneste. Dahle m.fl.

25. s. e. pinse, 14. november

Joh 6,37-40

Rindal sokn: Søvasli leirsted kl. 11:00. (Konfirmantweekend)

Gjøra kapell kl. 11:00 Boye. Nattverd. Takkoffer til Nordmøre Søndags-

Hov kirke kl. 11:00

Øye kyrkje kl. 11:00

Gjemnes kirke kl.11:00

Torsdag 18. november

Øye kyrkje kl. 10:00

skolekrets.

Laskerud. Takkoffer.

Høgmesse. Nattverd. L.E.Grutle.

Takkoffer til Misjonsprosjektet i Beghi

Gudstjeneste. Dahle. Takkoffer til Norsk Misjon i Øst. Kirkekaffi.

Morgonsong m/elevar frå Øye skule.

Siste søndag i kirkeåret, 21. november

Hebr 3,12-14

Valsøyfjord kirke kl.11:00

Gudstjeneste med stasjonsvandring ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til menighetsarbeidet.

Øvre Rindal kapell kl.11:00 Gudstjeneste. Lene Gåsvatn. Takkoffer til Rådet for Psykisk helse.

Hov kirke kl. 11:00 Nattverd Storset..

Romfo kyrkje kl. 13:00 Storset. Dåpsgudstjeneste.

Romfo kyrkje kl. 20:00 Sangkveld. Øksendal songlag og mannskvartett.

Åsskard kyrkje kl. 11:00 Prost Gerd Aarset blir med. Kyrkjekaffe.

Familiegudstjeneste. Venås. Utdeling av 4 og 6-årsbøker. Takkoffer til Amigos.

Kyrkjelydshuset, Skei kl. 11:00 Gudstjenestleg møte. Normisjon

Tingvoll kyrkje kl.11:00 Høgmesse Dåp Prost Gerd Anne Aarset

Onsdag 24. november

Todalen kyrkje kl. 19:30

Tonekveld. Kor og instrument. Kollekt til kyrkjemusikalsk arbeid

1. søndag i advent, 28. november

Matt 21,1-9

Rindal sokn:

Gudstjeneste Eldresenteret kl. 11:00. Nattverd. Erik Blomstrøm.

Hov kirke kl. 19:00 Familiegudstjeneste. Storset. Takkoffer.

Ålvundeid kyrkje kl. 19:00 Laskerud. Lysmesse.

Øksendal kyrkje kl. 20:00 Boye. Lysmesse med Øksendal songlag.

Øye kyrkje kl. 11:00 Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

Familiemesse. L.E.Grutle. Takkoffer til Kirkens SOS

Stangvik kyrkje kl. 19:30 Ljosmesse. Venås. Utdeling biblar. Takkoffer til Kirkens Bymisjon

Tingvoll kyrkje kl.11:00 Familiegudstjeneste Nattverd Sokneprest Cathrine Grutle.

Øre kyrkje kl.11:00 Familiegudstjeneste. Barnegospelkoret. Lys vaken-deltakarar. Takkoffer til Øre barnegospelkor. Kyrkjekaffi.

2. søndag i advent, 5. desember

Luk 21,25-33

Halsa kirke kl.16:00

Lysmesse ved konfirmantene sammen med sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Strømmestiftelsen.

Rindal kirke kl.19:30

Lysmesse. Lene Gåsvatn. Takkoffer til Menighetsarbeidet.

Ålvundeid kyrkje kl. 11:00 Nattverd Boye. Takkoffer til Kyrkjebladet.

Hov kirke kl. 19:00 Lysmesse med konfirmantene. Laskerud og Boye. Takkoffer.

Gjøra kapell kl. 20:00 Lysmesse. Storset.. Takkoffer til

Kyrkjelydsarbeidet.

Ranes kyrkje kl. 19:30 Ljosmesse. L.E.Grutle. Takkoffer til Redd Barna

Straumsnes kyrkje kl 16:00 Lysmesse Dåp Sokneprest Cathrine Grutle. Offer

Acta-Normisjon

Gjemnes kirke kl.11:00 Familiegudstjeneste. Lys vaken-deltakere.

Takkoffer til IKO. Kirkekaffi.

Øre kyrkje kl.19:30 Lysmesse. Konfirmantane deltek

Torsdag 9. desember

Mo kyrkje kl. 19:30

Ljosmesse. L.E.Grutle. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

3. søndag i advent, 12. desember*Jes 35,3-10*

Valsøyfjord kirke kl.16:00	Sanggudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Rådet for psykisk helse.
Hov kirke kl. 11:00	Nattverd Boye.
Hov kirke kl. 17:00	Julekonsert (sjå avisene).
Kyrkjelydshuset, Skei kl. 11:00	Gudstenestleg møte. NLM
Ranes kyrkje kl. 16:00	”Vi syng jula inn”. Kollekt til kyrkjemusikalsk arbeid.
Todalen kyrkje kl. 16:00	Ljosmesse. Venås. Utdeling biblar Takkoffer til Redd Barna
Åsskard kyrkje kl. 19:30	Ljosmesse. Venås. Utdeling biblar. Takkoffer til Kyrkjebladet
Tingvoll kyrkje kl 16:00	Lysmesse Dåp Prost Gerd Anne Aarset

Frivillig abonnement.

Kyrkjebladet er gratis, men er avhengig av gåver og frivillig kontingent, så vi legg inn ein giro der de kan betala etter ønske. Ein høveleg kontingent kan vera 150.- kr, men det er lov å betala meir.

Helsing med takk frå redaksjonen.

Fire nøkler til barnetro

Nøkkel 1: Alt handler om tro! Det aller viktigste et barn trenger i sitt liv, er tro, en personlig relasjon til Jesus. Du er kalt til å gi troen din videre til dine barn og barnebarn.

Nøkkel 2: Om du vil at barna dine skal ha en tro som varer, er det viktig at de får se tro i praksis hjemme. En time i uka-kristendom gir ikke en tro som bærer barnas hjerter varig.

Nøkkel 3: Trossamtaler kan skje når som helst og hvor som helst. Ta troen med deg hjem, i bilen, på ferie osv.

Nøkkel 4: Det å gi troen videre til barna krever at vi trener – TRAIN – dem med Tid, Repetisjon, Anerkjennelse, Intensjon og Null slutt (en holdning som sier at dette aldri ender)

Fra boka «Tro på hjemmebane» av Mark Holmens

Trusopplæringskonferanse

Under temaet «Plan for trusopplæring. Gud gir – vi deler» vart det 20. oktober halde trusopplæringskonferanse på Lillestrøm til fagleg påfyll, inspirasjon og idear til vidare trusopplæringsarbeid.

Taize

Det kristne fellesskapet i Taize er eit økumenisk klosterfellesskap og forsoningsrørsle i Frankrike, kjent for sin spesielle liturgiske musikk som også blir brukt i vår kyrkje. Kwart år reiser 100 000 unge frå 75 forskjellige land i heile verda til klosteret i Taize. Meir enn 30 000 ungdomar deltok på Taize-samling i Polen før jul i fjor. «Ei pilegrimsferd for tillit på jorda.» Også i vårt land blir det arrangert Taize-samlingar.

Kyrkjemøte 2010

Kyrkjemøtet i år blir halde i Tønsberg 14.-20. november. Det er tradisjon at Kongen er med ved nyvald kyrkjemøte. Den største saka på kyrkjemøtet dette året er gudstenestereformen. Ny liturgi for hovedgudstenesta, ny dåpsliturgi og nye teksttrekkjer skal behandlast over to kyrkjemøte, i haust og til våren 2011. Neste år blir kyrkjemøtet flytta til våren.

Overskrifta «Luther glede» vil fokusera på kva det vil seia å vera ei evngelisk-luthersk kyrkje i vår tid. Biskop Helga Haugland Byfuglien skal halda hovedforedraget. Saksdokumenta er tilgjengelege på Den norske kyrkjas nettsider, og viktige seksjonar er overført på web-tv: HYPER-LINK “<http://www.kirken.no/www.kyrkja.no>”

Tomtefestesaka

Høgsterett fastslo i mai, etter anke av dommen i Oslo tingrett i oktober i fjor, at regjeringas tomtefesteinstruks var ulovleg. OVF (Opplysningsvesenets Fond) krev no ein halv milliard i kompensasjon frå staten. Dommen var eit stort nederlag for regjeringa.

Luthersk toppmøte

Genralforsamlinga i Det Lutherske Verdensforbund (LVF) vart halde i Stuttgart i Tyskland i juli. Det er eit fellesskap av 145 kyrkjer frå 79 land med over 70 mill medlemar.

Fattigdom og klima stod på dagsorden, forutan økumeniske samtalar.

Norge var einaste nordiske land med to lutherske kyrkjer til stades. Den evangelisk-lutherske frikyrkja stilte med røystert for første gong.

I dine hender

*i dine hender
ligg alle mine tider
i dine tankar
alle mine ord
for mine steg
langs dine stiar
ei lydlaus røyst
er dine spor*

*styr du min lengt
mot evig sommar
mitt hjarte er i ditt
uendeleg og kjært
ditt hav di bylgje
duftar blomar
eg ser deg gjennom
lyset varmt og nært*

Eldrid Lausund

«Det aller viktigste for en menighet er å høre en glad forkynnelse om den korsfestede og oppstandne Jesus Kristus, som lever i dag, og som bor i den som tror, og som vil utruste og styrke oss i vår hverdag og i vår tjeneste for ham.» Sokneprest Gerhard Falk Woie

Trusopplæringsreformen

For neste år vill innvilga støtte på statsbudsjettet til trusopplæringsreformen for Den norske kyrkja vera 197 millioner kroner. Budsjettmålet for «Trusopplæring i ei ny tid» er på 250 mill kroner. Tidsperspektivet for gjennomføring av reformen er satt til ti år frå 2002-2003.

Andakt

MIN GUD!

Er det den samme som din Gud? Tenker vi det samme om vår Gud. I den nikenske trosbekjennelsen sier vi at VI tror på EN gud. Heldigvis er denne ene Gud en fantastisk menneskekjenner. Kanskje ikke så rart når han har skapt hver enkelt.

Derfor kan MIN Gud også være DIN Gud. Vårt forhold til Gud kan være helt

forskjellig. Som foreldre vet vi at alle barn er forskjellige og vårt forhold til hver av dem blir deretter. Slik også med Guds barn. Jeg kan få være sammen med Gud på min måte, og du på din. Vi slipper å tilpasse oss en bestemt mal.

Er ikke det supert! Vårt forhold kan være personlig. Derfor har vi en fargerik og variert menighet. Gud har laget det så

kjempeflott at han har mange strenger å spille på. Vi må lære oss å sette pris på ulikhetene og variasjonene. Det gir styrke og spenning.

MIN Gud er spennende å vandre sammen med. Håper du også har funnet din vei sammen med DIN Gud. Kanskje kan vi gjøre noe flott sammen med VÅR Gud.

Elsa Jensvold

Kyrkjebudsjettet

I Statsbudsjettet for 1011 får Den norske kyrkja ei ramme på ca 1,6 milliarder, ein auke på 158 mill frå i fjor, dvs 10,9 %. Det inkluderer 27 mill meir til trusopplæring, 70 mill til kyrkjevalet i 2011 og midlar til 8 nye prestestillingar, største auke ein har

hatt i eit kyrkjebudsjett. Kyrkjerådsdirektør Jens Petter Johnsen påpeikar at dette likevel ikkje dekkjer kostnader til betringar og gjennomføring av kyrkjevalet som kyrkja har fått krav om.

Budsjettet skal også dekkja alle utgifter

til å oppretta eit 12. bispedøme i Nidaros. Satsinga på nye prestestillingar er lite i forhold til behovet. I Møre bispedøme må fem presteårsverk haldast vakante for å få økonomien i balanse, i følgje stiftsdirektør Jan Egil Korseberg.

ERE

DØYPTE — VIGDE — DØDE

Døypete

HALSA
29.08. Lena Viktoria Yue Willumsen Jørgen
genvåg (døpt på Megardssetra
26.09. Emrik Gundersen-Sæther (døpt i
Valsøyfjord kirke)

Øvre Rindal kapell
05.09. Oda Løfald

HOV
05.09. Mina Volden
12.09. Ane Slaatmo Mikkelsen
12.09. David Leo Sæther
26.09. Emma Klara Ingrid Holte
26.09. Julie Bakken

ØKSENDAL
28.08. Inga Pernille Bjerkan
05.09. Karen Aram Vike

ÅLVUNDEID
12.09. Viktoria Sæsboe

ÅSSKARD
29.08. Ine Hamnes Øye
29.08. Sander Bøe Staknes

ØYE-RANES
05.09. Jaran Sveen Finnvik
19.09. Anna Lila Mausset
19.09. Anders Kvernberg Bævre
03.10. Frida Aakvik
03.10. Aksel Kalstø Grimsmo
03.10. Ane Heggset

MO
29.08. Ingunn Olea Harang Berset

TINGVOLL KYRKJE
26.09. Vebjørn Mindnes Bergem
26.09. Irma Chevelle Wilhelmsen Vassli

STRAUMSNES KYRKJE
19.09. Nora Romundstad Innerdal
19.09. Maiken Annie Einset-Holmen
10.10. Sigve Lervik

GJEMNES
12.09. Nora Jordahl Lervik
26.09. Rasmus Væro

ØRE
03.10. Erling Vestre Kvendseth
03.10. Amalie Aandal

Vigde
RINDAL KIRKE
08.09. Anne Kari Elshaug og
Jan Brødreskift

ROMFO
25.09. Silje Andrea Småsund og
Andre Wollan. Vigde i Gjøre kapell

HOV
29.09. Kathe Elise Kjorsvik og
Nils Erik Røhjell Lehne

ÅLVUNDEID
28.08. Astrid Bergheim og
Hans Asbjørn Skar

TODALEN
28.08. Anne Margrete Dybvik og
Harald Hide

ØRE
04.09. Knut Skarsbø og Siv Nygaard
25.09. Tore Hasund og Aina Baade. Vigde i
Angvik bedehus

Døde
ØVRE RINDAL KAPELL
17.09. Leif Tiset f. 1921

ROMFO
23.08. Kai Jenstad f. 1972
Gravlagd Gjøre kyrkjegard
24.09. Helge Harald Sliper f. 1947

HOV
14.09. Ola Mellemseter f. 1945
18.09. Kåre Anshus f. 1921
23.09. Bjørg Jorunn Pettersen f. 1945
16.10. Johannes Dyrhovden f. 1927

ØKSENDAL
17.09. Olga Melkild f. 1922

ÅLVUNDEID
20.08. Ragnvald Haugen f. 1921
08.10. Else Augusta Ørsvik f. 1930

ØYE-RANES
31.08. Peder Mikkelsen f. 1928
05.09. Gunvor Hafstad f. 1920
08.09. Ingeborg Oline Langli f. 1915

ÅSSKARD
07.10. Marry Julianne Bøklepp f. 1918

TINGVOLL
08.09. Gunvor Røsdal f. 1919
15.09. Jostein Kallset f. 1928

STRAUMSNES
Rettelse fra blad nr 4
25.08. Anne Petrine Grimstad f. 1920
DET RIKTIGE ER:
25.08. Anne K. Grimstad f. 1928
14.09. Erna Kvisvik f. 1923

GJEMNES
23.09. Jorunn Kaspara Larsen f. 1931

ØRE
29.08. Vidar Myklebost f. 1984
25.09. Reidun Alida Gagnat f. 1923



HALSA

Halsa - Valsøyfjord

Soknepresten 71 55 96 38
 Kirkekontoret 71 55 96 39
 E-post kirkeverge:
 kirkeverge@halsa.kommune.no
 Bildet: Halså kirke

Bygdadag

4. september var det en svært vellykka bygdadag i Halså. Det var mange som bidro med kulturinnslag, utstillinger og salg. Halså sokn var der med egen stand hvor vi fikk vist fram det som foregår av aktiviteter i soknet vårt. Det var mange som kom for å se og for å slå av en prat. (Og noen for å diskutere strikkeoppskrifter.)

Foto: Elin Vøllestad Blomstrøm

Leir!!!

Dette skulle vært et album, men det reker jeg ikke nå som kofferten bare så vidt er pakka ut. Likevel klarer jeg ikke å la være å dele noen inntrykk fra ei alle tiders helg på Mjuklia leirsted på Berkåk.

Det møtte 15 konfirmanter fra Halså og 57 fra Surnadal. Det suste skikkelig i matsalen, ikke fordi noen laga bråk, men fordi så mange stemmer lager en del lyd! 14 ledere tar og litt plass, både rundt bordet og i lydbildet.

Av og til var det stille. Kveldsavlutningene, undervisninga og gudstjenesta ga tid til ettertanke og ro. Og til deltakelse med



prosesjon, lystenning, velsignelse, nattverd, sang og musikk.

Så ble vi bedre kjent. Mange fant nye venner, og mange som helst ville være tilskuere når det var leker og konkurranser på fredagskvelden, kasta seg uti det med stor innsats og stormende jubel på lørdagen.

Samhandlingsløypa på lørdag var et kapittel for seg. Der ble alle utfordra til å samarbeide og hjelpe hverandre. Ikke alle turte alt, men jeg tror de aller fleste turte litt

mer enn de hadde regna med. Og samarbeidet gikk kjempebra!

Mjuklia hadde og mye annet å by på med kanopadling, hest, kaniner, gigafotball, luftgeværskyting og klatrevegg. Ledergruppa tok ansvar for aktivitetene og sørga for at alt gikk trygt for seg.

Takk til alle, både konfirmanter og ledere! Det var kjempeflott å få være sammen med dere!

Erik Blomstrøm



50årskonfirmanter i Halså 19.september:

Bak fra venstre: Ivar Olaf Halse, Harald Olav Løvik, Lars Hønsvik, Ola Gjengstø, Harald Vaagland, Paul Rambø, Sigurd (Nilsen) Helseth, Kristian Otnes, Per Blekken, Helge Fred Sæther.

Foran fra venstre: Åge Jan Wullum, Gunbjørg Sæter Sundal, Liv Eli Heggem Futsæter, Per Gunnar Karlsvik.



50årskonfirmanter i Valsøyfjord 5.september:

Fra venstre: Bjørn Hestflått, Jorunn Marie Sæther Møller, Einar Berg, Else Karen Vaagsand Kroknes, Kristoffer A Botten



SURNADAL

Øye - Mo - Ranæs

Kyrkjekontoret 71 65 70 60
 Telefaks 71 65 70 61
 Sokneprest Stangvik 71 66 33 30
 E-post kyrkjeverje: ingeborg.nordlund
 @surnadal.kommune.no
 Biletet: Ranæs kyrkje - Stangvik kyrkje



Strandmesse i Bøfjorden

Friluftsgudstenesta i Åsskard 29. august var del av Bøfjord-helga 2010. Langt over hundre sessa seg på plankebenkar og bergknausar ved den gamle husmannsplassen Kleppnausta.

Sjøl om dei fleste nytta landvegen, kom også båtar på fjorden - med motor, segl og årer. Kyrkjebåten "Hjelmkonnå" var sjøl-sagt bemanna.

Mange tenkte seg nok to tusen år tilbake - til stranda ved Genesaretsjøen - da Bernt Venås tolka evangeliet med ein blankstill fjord og barske nordmørsfjell som ramme.

Linken til Peter og dei andre fiskarane der vart også tydeleg ved at laksenot og kaggar danna altar og døypefont.

Salmesongen gav gjenklang mellom hamrane - med tonefølgje av fiolinisten Synnøve Hammervold, som her gjesta "sine feders jord".

Og Ine, Sander og Solvor fekk del i dåpens nåde under høg og solblank himmel.



Babysong og småbarnssong

Ein ny sesong med babysong og småbarnssong er snart i gang. 15. oktober startar babysong for babyar mellom 0 og 1 år, fredagar kl. 11.00. Småbarnssong startar onsdag 27. oktober kl. 17.30, og er for born mellom 1 og ca 4 år. Begge kursa held fram mot jul, med ei felles avslutning.

Velkommen!

Bka



Frivillige medarbeidarar.

Vi treng frivillige som kan hjelpe til med enkel servering/vaffelsteiking til konfirmantane, morgonsong og minilysmessene. Det er mange eldre, sjuke og einsame som gjerne vil at nokon skal sjå innom dei. Til det treng vi frivillige besøkjarar. Interesserte kan melda seg til Kyrkjekontoret Tlf. 71657060. Det blir ei kveldssamling for dei som vil vera med som besøkjarar der vi snakkar litt saman om korleis vi legg opp besøkstenesta vår.

Diakon

Mange på søndagsskule i Surnadal!

16 born var med på søndagsskulen i Surnadal sist onsdag. Søndagsskulen har samlingar onsdagskveldar og søndag formiddagar. Onsdagskveldar er det samtidig småbarnssong i naborommet, så då kan heile familien komme på Kyrkjelydshuset.

Før jul blir det samlingar på følgjande datoar:

Søndag 10.10 kl 11.00

Onsdag 27.10 kl 17.30

Onsdag 10.11 kl 17.30

Søndag 21.11 kl 11.00

Onsdag 01.12 kl 17.30

Søndag 12.12 kl 11.00

Bønemøter

Bønemøter på Surnadal kyrkjelydshus kvar måndag kl. 20.00.
 Opent for alle.



50-års konfirmantjubileum

De som var konfirmert i Stangvik kirke den 14. august 1960 var invitert til gudstjeneste søndag 26. september, samt middag og kaffe i prestegården etterpå. Samtlige fikk anledning til å foretelle om seg selv hvordan livet hadde utviklet seg fra konfirmasjonsdagen og fram til i dag. Det dreide seg både om familien og hva de hadde drevet med av forskjellige jobber. Enkelte hadde også gode historier som gjorde at latteren satt løst i forsamlingen.

Siden vi ble velsignet med et nydelig høstvær med sol fra skyfri himmel, ble alle invitert med på biltur til den nye skogsbilveien som går ca 5 km utover liene i Stangvik. Dette er et flott veganlegg med nydelig utsikt over fjord og fjell. En fin opplevelse for de som ikke hadde vært der før.

Etter denne turen smakte det godt med kaffe, og det ble sunget Fager kveldssol smiler, før sokneprest Bernt Venås rundet av en meget koselig ettermiddag.

Sverre Kjølstad

På bildet ser vi i første rekke fra venstre:

Marie Sunde, Kristin Gaupset, Solveig Nes, Marit Haugen og Åse Røkkum Grimsmo.

2. rekke:

Åshild Brekken Offerdal, Helge Nordvik, Ola Dag Sesbø, sokneprest Bernt Venås, Knut Reinset, Rolf Røkkum og Tor Mikkelsen

STANGVIK

Stangvik - Todalen - Åsskard



RINDAL

Rindal sokn

Menighetskontoret 71 66 47 55
Telefaks 71 66 47 01
E-post kirkeverge:
ingeborg.nordlund
@rindal.kommune.no
Bildet: Rindal kirke

Sommarleir på Gråhaugen

For 4. gong arrangerte sokneråda i Surnadal og Rindal sommarleir på Gråhaugen. Talet på deltakarar aukar frå år til år, og i år var over 100 born frå 6 til 14 år med på dei 6 leirane. Dette har no vorte eit fast innslag



i trusopplæringa. Nytt av året var tweensleiren for dei som er mellom 12 og 14 år.

Ca 20 ungdommar frå 15 til 23 år deltok som leirleiarar. Både born og ungdommar fekk oppleve flotte turar, gode bibeltimar, aktivitetar og mykje song til eit band med trøkk! Tenåringane fekk også oppleve å sitte i ein lavvo rundt eit lyskors med gitar og kveldsbøn, og nokre av dei sov der heile natta. Stemninga var god, og dei fleste har nok vorte betre kjent med både andre born, leiarar, og ikkje minst Jesus. Og det blir heilt sikkert nye leirar til sommaren!

bka



Bibelen min

Sist i september møtte ein stor flokk 5.klassingar opp i Rindal kirke for å ta imot Biblane sine. Denne utdelinga er eit samarbeid mellom kommunen og kirka, og ledar i Livsløpskomitteen, Åge Jonli, delte ut Biblane. Det var fint å sjå denne flokken som voks etter kvart som dei kom fram og fekk den gule, fine Bibelen. På skulen blir den bruka som ei lærebok. Menigheta må gjennom trusopplæringa fram mot konfirmasjonen gi læra liv for dei unge!

Tekst: OleT/foto: Randi Holte



Barnekoret Salt og Pepper har startet på igjen.

Vi øver annenhver fredag kl 13.45 – 15.15. Vi legger vekt på at alle skal få utvikle sin egen stemme, og at det skal være gøy å synge i kor!
Velkommen alle barn mellom 6 og 12 år!

Bønekrukker.

Det er plassert ut bønekrukker i alle kyrkjer i Surnadal og Stangvik. Dei er meint å vera ei hjelp til å synleggjera våre bøner ved at vi skriv ein lapp med bønebehov og legg i krukka, eller ved å leggja ein stein som symbol for våre tause bønerop og våre tunge bører, som vi kan få leggja frå oss på Guds alter. Krukka blir boren fram til alteret og bedt over med ei fast forbøn. Lappene blir ivaretatt strengt konfidensielt og makulert.

Ein kan også kontakta presten og be om forbøn for spesielle behov.

Misjon på museet

Museet i Bøfjorden tek opp lokalhistoriske tema kvar sommarsøndag. 4. juli stod misjon i fokus. Etter fotokåseri om foreiningslivet i bygda gjennom 125 år gav Einy og Ole Elgsæther glimt av sine misjonsferingar frå både Todalen og India.



Auksjonarius Harald Aasbø – assistert av Gyda Stolsmo og Gunnvald Bøe i Bøfjorden Historielag.

Ein gammaldags misjonsauksjon i mini-format avslutta programmet. Dyktig auksjonarius var Harald Aasbø, folk baud godt og kjærkomne misjonskroner kom inn.

Tekst/foto: BB



Kvinneforeninga på Bølandet sist på 1950-talet. Frå venstre Tora Bø, Ragnhild Bø, Elen Gjertine Bø (sitjande), Betzy Staknes, Ellen Bøklepp, Guro Bø, Margre Bø, Ingeborg Staknes og Gunvor K. Bø.

Jubileum for altertavla i Tingvoll kyrkje

Altertavla i Tingvoll kyrkje er frå 1660 og er altså 350 år i år. Kyrkjebladet har spurt prost Gerd Anne Aarset om dette skal markerast i prostiet og kva som



konkret skal skje i Tingvoll. «Selvfølgelig må vi feire et slikt jubileum! Vi har valgt siste uken i kirkeåret for å jubilere og skal holde på hele uka. Vi begynner mandag 22. nov. med foredrag om selve altertavla. Forskningsbibliotekar Bente Lavold fra Nasjonalbiblioteket vil fortelle og foredra. Vi er sikkert mange som lurer på mye rundt den. Hvor kommer den fra? Vet vi hvem som har laget den? Var det vanlig med slike overdådige altertavler for de som kunne betale for dem? Hva med alle figurene vi ser – hvem er de? Bente vil først innlede, deretter vil hun svare på spørsmål.

Tirsdag 23. november nærmer vi oss jubileet fra en helt annen vinkel. Fra de utskårne og stivnede figurene som alltid har vært ubevegelige, går vi over

Misjonskonferansen i Edinburgh

Det er i år hundre år sidan den store og viktige misjonskonferansen i Edinburgh vart halden i 1910. Den sette djupe spor i misjon og kyrkjeliv og inspirerte kyrkjene til verdensmisjon og evangelisering. Visjonen for deltakarane var ei kristen kyrkje på alle kontinent og mellom alle folkeslag. Denne visjonen har vorte realisert, men treng stadig å bli fornya.

Hundreårsjubileet for denne store misjonskonferansen har

til de flyktige som forsvinner umiddelbart. Da får vi en ballettforestilling med koreograf Per Roar Thorsnes og dansere med hermetisk musikk og lys.»

«Kvifor ballett?»

«Jeg hørte Per Roar på Kulturfestivalen i Kristiansund i fjor høst og ble veldig fasinert av det han sa om bevegelser og bruken av kroppen. Jeg oppdaget at det ikke er ofte jeg tenker så mye på kroppen når jeg går til kirke verken som menighetslem eller prest. Kroppen er der nærmest for hodet må sitte fast på noe. Men bevegelser er jo helt naturlig for mennesket og jeg ble nyskjerrig på hvordan en danser kan uttrykke det samme budskapet jeg bruker ord på å formidle. Ja, også er det jo spennende noen ganger å kunne bruke helt andre uttrykksmidler



enn det vi gjør til vanlig!»

Prosten nemner også at dette er ei forestilling der ein må ta

vorte feira og brukt til å stadfesta og fornya kallet til misjon rundt om i verda. Mellom anna vart det halde ein konferanse i Storsalen i Oslo under mottoet «Misjon til forandring».

Og sjølvstilt var det grundig feiring i Edinburgh med representantar frå heile den kristne verda, inklusive katolske, evangelikale, ortodokse, pentekostale og protestantiske kyrkjer. Der drøfta ein vidare

inngangspengar. Men det skjer meir.

«Torsdag er det konsert med Tingvoll kirkekor under Tor Strand sin ledelse. De har også fått med seg kantor Bernt Bøe som skal fortelle om salmevalget de gjør. For det er jo et spennende spørsmål hva folk sang den gangen altertavla ble satt inn for 350 år siden. Vi får eksempel på det, men kirkemusikken har jo endret seg betydelig disse årene og vi får glimt av det som har skjedd. Tenk bare på at det ikke er mer enn hundre års tid siden det ble vanlig med orgel! Hvordan tror du det var å være menighet og synge uten orgel? For oss er det nesten utenkelig, men den gang var det helt vanlig.»

Vi lurer på om det blir noko for borna.

«Ja, gjett om! Sokneprest Cathrine Grutle står i spissen for Lys våken i Tingvoll kirke. Det betyr at vi har en haug med barn som skal overnatte i kirka fra lørdag til søndag. Det er del av trosopplæringen i menigheten. Det er første gang vi prøver det hos oss og vi gleder oss veldig! Ungene skal være med på gudstjenesten søndag. Da får vi besøk av

strategi og inspirerte til nye visjonar for å lekammeggera og forkynde evangeliet om frelse, tilgjeving frå synd, liv i overflod og frigjerung for alle fattige og undertrykte ut frå Kristi offer på korset og hans oppstode til frelse for verda.

Den største markeringa er Lausanne-kongressen i Cape Town i oktober.

(Ref frå den i neste nummer)

biskop Ingeborg Midttømme som også vil feire sammen med oss. Vi er fryktelig glad for at hun kommer, det setter en ekstra spiss på feiringen at biskopen er med.

Alle bursdagsfeiringar har bløtkake. Vi skal ha kirkekaffe på søndag, men om det blir bløtkake er en hemmelighet. Du får komme og se (og kanskje smake!).»

«Vil det seia at alle kan koma?»

«Vi holder åpent hus. Selvfølgelig ville vi synes det var kjekt at alle som er glad i den flotte kirka vår, vil feire sammen med oss. Alle er velkommen!»

Gerd Anne Aarset v/ERE

**Kyrkjeblad for
Indre Nordmøre**
Utgjevar:
**SOKNERÅDA PÅ
INDRE NORDMØRE**

REDAKTØR:
Einy Rendal Elgsæther
6645 Todalen
☎ 71 66 02 81
E-post: einyre@gmail.com

REDAKSJONSSEKRETÆR:
Ole Trygve Foseide
☎ 976 82 829
E-post: kyrkjeblad@gmail.com

BLADPENGAR:
Frivillig kontingent
Kyrkjeblad for Indre Nordmøre
Kontor Service A/S
Postboks 72
6630 Tingvoll
Bankgironr.: 4050 40 46232

SATS/REPRO/EKSP.:
Prosit Design og
Kommunikasjon as
☎ 71 66 50 80
E-post: post@prosit-design.no
6657 Rindal

TRYKK:
Wennbergs Trykkeri AS
☎ 72 88 98 00
7075 Tiller

KYRKJEBLADET PÅ NETT:
<http://www.rindal.kirken.no/>

Sjå menyen øvst til venstre på nettstaden